



Formann i vassverket. Hans Reidar Kjærland: - Overgang frå lut til vannglass gjev både eit reinare vatn og eit reinare leidningsnett. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det privatdrivne Uskedal Vassverk held fram med oppgraderinga. No får uskedalingane eit reinare vatn etter behandling og eit reinare leidningsnett vcd at verket går over frå lut til vannglass for reduksjon av PH-verdien (surheitsgraden). Vassverket har nytta lut i 15 år. Vannglass har vore nytta av vassverk her i landet sidan 1993. Lutene er allereie kutta ut og tilsettinga av vannglass skjer gradvis dei næraste dagane.**

- Lut er eit etsande stoff som er vanskeleg å handtera og det frys ved plussgrader. Dessutan fell det i PH-verdi jo lenger ut på nettet det kjem. Sjølv om ein doserar rett, kan surheitsgraden likevel ha falle kraftig når vannet er ved enden av leidningane, opplyser formann Hans Reidar Kjærland til uskedalen.no. Vannglass er rein sand som er blanda saman med natriumskarbonat. Det blir til vannglass når det vert avkjølt.

Viss vatnet blir for surt, øydelegg det både kobberrør innvendig i husa og leidningsnettet utanfor. Bruk av vannglass sikrar lengre levetid for nettet. Vassverket har til no hatt problem med å halda normen, som er ein PH mellom 6,5 og 9,5. Råvatnet i Eikelva held om lag ein PH på 6,0. Det er teke prøver av det for å slå fast at det går an å nytta vannglass som PH-korrigerande middel.

- Men visse overraskingar kan uskedalingane få gjennom springen dei næraste dagane?

- Ja, og det heng saman med at mange av røyra er gamle og godt grodde innvendig. Når vi startar doseringa med vannglass kan det, sjølv om vi er varsame, løysa opp belegget som er innvendig. Vatnet kan bli noko forureinsa i ein periode.

Vi kan difor ikkje garantera at det ikkje blir misfarging i vaskemaskinane. Det er eit godt råd å vaske til dømes den kvite og fine bunadsskjorta for hand.

Etter kvart som vi vinn erfaring vil vi auke doseringa, og dette vil skje over ein så lang periode som frå fire til seks månader. Vi ber alle abonnentane vera merksam på at vi kan få slepp av belegg frå leidningsnettet i verste fall i lang tid frametter.

Lat meg presisera at overgangen frå lut til vannglass er godkjend av Mattilsynet.

- Er det ein dyr overgang frå lut til vannglass?

- Nei, sjølve installasjonen er rimeleg, den kjem på rundt 25.000 kroner og går i hovudsak ut på montering av nye pumper. Om vatnet blir dyrare veit vi ikkje før kjenner til kor mykje vannglass som bør tilsetjast. Vi trur førebels at det blir litt dyrare.

Alternativet til vannglass var å bruka kalk, men det ville blitt atskillig dyrare. Då måtte vi ha nytta store tankar og etterfylla dei jevnleg, seier Hans Reidar Kjærland.

Av Ola Matti Mathisen



Vatnet i Eikelva er godt, men no skal det bli enda betre før det kjem fram til brukarane. (Foto: Ola Matti Mathisen)